

# Bjerkreimsnytt

Info til bjerkreimbuen • Juni 2026



**Bjerkreim  
kommune**



# Bjerkreim kommune

## Kommunehuset:

Tlf 51 20 11 00  
Måndag - fredag kl 09.00 - 15.00  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

## Biblioteket:

Tlf. 51 45 93 20  
[biblioteket@bjerkreim.kommune.no](mailto:biblioteket@bjerkreim.kommune.no)  
Måndag 15.00 - 19.00  
Tysdag 14.00 - 18.00  
Onsdag 14.00 - 18.00  
Torsdag 12.00 - 15.30  
Fredag 12.00 - 15.30  
Laurdag 10.00 - 14.00

## DIM-renovasjon:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia. Returpunkt for glass og metall ved kommunehuset og ved Coop Prix på Bjerkreim.

## Neste nummer:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 18. august kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 27. august. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no). Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

## Utgjevar:

Bjerkreim kommune

## Kontaktperson:

Ingunn Ognedal

## Ansvarleg:

Kulturkontoret

## Trykk og grafisk formgiving:

Jærprint AS

## Forsidefoto:

Marion Asheim har fotografert dottera på 17. mai.

# Ordføreren sitt hjørne



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Bjerkreim vert omtala som ein av dei mest investeringsvillige landbrukskommunane i landet. Det er imponerende å sjå kor mange som satsar på nye produksjonar, men også utvidar og moderniserer innan ku og sau. Det poppar opp med nye driftsbygningar for ku, sau, gris og kylling i stadig fleire deler av bygda. Spesielt kylling er mange innbyggjarar opptatt av. Ynskje om meir saktevaksande kyllingar krev fleire bygg. Å leggja desse i større avstand enn på Jæren, er bra for å spreie smittetrykk frå sjukdom. Då er det bra at landbruket i Bjerkreim tek opp den hansen.

Me har nettopp landa nok eit landbruksoppgjjer. Eg trur samla sett at dei fleste er godt fornøgd med det. Mange av dei som satsar i Bjerkreim er unge bønder, og mange er i etableringsfasen. Då er det spesielt bra at oppgjeret gir desse mykje betre svangerskapsordningar og tilskot til avløyser ved omsorg, blant anna for alvorleg sjuke born. I Bjerkreim er gardane hjørnesteinsbedrifter, og me vil at deira inntekter skal vera på nivå med andre grupper.

At både Bondelaget og Småbrukarlaget stod ved avtalen er ein styrke. Me skal produsere meir mat i Norge, og då trengs heile laget, både storsatsande bønder og dei som utnyttar kvar ein jordfleck på mindre bruk. Gras og beite, det som me er gode på, vert trekt fram som satsingsområde. Utnyttinga av jorda er ikkje eit problem hjå oss, her er omtrent alt som kan nyttast i bruk.

Samtidig med satsing, skal me og få landa endeleg E39-trasé. Formannskapet har gitt ei høyring, og skal arbeide vidare med neste runde etter sommaren. Statnett skal og laga ny motorveg for straum frå Tonstad til Jæren, over heiane og beitene våre. Eg håper me får til akseptable løysingar for alle partar, både utbyggjarar og grunneigarar. Det er trasig for dei som nå går og lurar på korleis framtida vert sjåande ut. Me har derfor bedt både Nye Veier og Statnett om snarlege og jamlege møter for å oppdatera oss spesielt om korleis dei framover skal samarbeide med grunneigarane.

Det kjekkaste med landbruket i Bjerkreim er utan tvil å sjå dyra koma ut på beite. Lam som spring om kapp som om det var 17. maistafett, kyr som gler seg over sommargras og geiter som klatrar høgt og lågt. No også i Kleppali. Mange fyljer Agale sine små filmar om utviklinga på Kleppali Gard, utruleg jillt å få fylja prosessen langs Ørsdalsvatnet. Lukke til vidare med arbeidet. Me gler oss til å sjå resultatet når endå meir vert restaurert og fiksa på!

Vennleg helsing Tone Vaule

## Politiske møte - på kommunehuset

|               |             |           |
|---------------|-------------|-----------|
| Levekårsutval | Tysdag 2.6  | kl. 13.00 |
| LMT-utval     | Tysdag 2.6  | kl. 19.00 |
| Formannskap   | Onsdag 3.6  | kl. 16.00 |
| Ungdomsråd    | Tysdag 9.6  | kl. 17.00 |
| Kommunestyre  | Tysdag 9.6  | kl. 18.00 |
| LMT-utval     | Tysdag 25.8 | kl. 19.00 |
| Formannskap   | Onsdag 26.8 | kl. 16.00 |

## ÅPNINGSTIDER KOMMUNEHUSET

Det blir innskrenka åpningstid på kommunehuset fra 29. juni t.o.m 31. juli. Åpent mellom kl 10.00-14.00.

## SOMMAROPE PÅ BIBLIOTEKET!

6. - 26. juli har biblioteket ope tysdag, onsdag og torsdag.

## VELKOMMEN TIDLIGERE ANSATTE I BJERKREIM KOMMUNE SOM NÅ ER PENSJONISTER!

Dette er tredje året vi inviterer dere som tidligere har jobbet i Bjerkreim kommune, og som nå nyter livet som pensjonister.

Dette er en sosial sammenkomst, og er en ypperlig anledning til å mimre om gode, gamle dager, og å møte tidligere kolleger.

Praktisk info

- Dato: Torsdag 11. juni

- Kl. 12.00-14.30, på Bjerkreim helsesenter

- Påmelding til: Tom Fjermedal, tlf. 51 20 11 00 mellom kl. 10 og 14, eller epost: tom.fjermedal@bjerkreim.kommune.no innan tysdag 9. juni.

Litt om programmet:

- Lunsj: Rundstykker
- Velkommen v/ kommunedirektør Ørjan Daltveit
- Musikkinnslag fra ansatte
- Mimring fra arbeidslivet: v/Randi Apeland, livet i helsevesenet v/Hans Petter Tønnesen, skogbruk

Velkommen til trivelig gjensyn!

Vi oppfordrer deg som pensjonist til å dele en god historie, eller noen bilder fra tidligere tider. Trenger du hjelp til noe praktisk med for eksempel bilder eller tekst, kan vi hjelpe med dette. Meld fra i god tid, så finner vi ut av det.

Vi sender ikke ut personlige invitasjoner, fint om du tipser tidligere kolleger.



## VELKOMMEN TIL KLØGETVEDTTUNET SOMMEREN 2026!

Tunet blir åpent følgende søndager i sommer:

### Søndag 7. juni:

Åpningsarrangement. Ordfører åpner sommersesongen.

Foredrag av Sigmund Birkeland om bondelivet før i tiden, ved kysten og i Bjerkreim.

**Søndag 21. juni:** Konsert med Johan Egdetveit, trekkspill

### Søndag 16. august:

Aktivitetsdag for hele familien med Egersund husflidslag. Veveaktiviteter for barn, spinning og kaldfarging av ull.

### Søndag 23. august:

Aktivitetsdag for hele familien med Dalane Friluftsråd. Spikk din egen pinne for å steke pinnebrød på bålpanna. Naturquiz. Lassokasting på «reinsdyr»

### Søndag 30. august:

Marknadsdag. Meld gjerne fra allerede nå til Bjerkreim kulturkontor dersom du ønsker å delta med egenproduserte produkter.

Åpningstid: fra kl 13 - 16. Salg av kaffe, lapper og enkle kioskvarer. Utstilling av gamle bilder i kaferommet. Omvisning på forespørsel. Gratis adgang hvis ikke annet er annonsert.

**Kulturkontoret ønsker denne sommeren å ha en fotoutstilling av gamle bilder fra Bjerkreim i kaferommet. Har du et innrammet bilde av folk/ aktiviteter/ livet i Bjerkreim før ca 1980 som du kan tenke deg å låne oss? Ta i så fall kontakt med Bjerkreim kulturkontor på telefon 988 80 147 eller epost annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no. Innlevering til kulturkontoret snarest.**

## KONSERTER PÅ BJERKREIM HELSESENTER I JUNI OG AUGUST

Onsdag 10. juni kl. 11.00: Erik Ludvigsen synger kjente Elvis-sanger.

Mandag 17. august kl 10.00: «De nære ting» - konsert med Beth Elin Byberg, Camilla Myrås og Malin Byberg. Sang og piano.

Begge konserter: gratis adgang og er åpne for alle.

## GUIDING I ØRSDALEN GRUVER LØRDAG 13. JUNI KL. 12 OG KL. 14

Det blir tilbud om guidet tur i Ørsdalen gruver lørdag 13. juni kl. 12 og kl. 14. Varighet inkludert gåtur opp og ned, ca. 1,5 time. Tilgjengelighet: Du må klare å gå over en gjerdeklyver og opp en bratt trapp med ca. 100 trinn. Hjelmer og lommelykter til utlån. Dersom små barn skal være med, anbefales at de bruker egen sykkelhjelm. Pris voksne kr 100, barn kr 50. Påmelding til Bjerkreim kulturkontor på mail annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no eller telefon 988 80 147 **innen mandag 08.06.** Begrenset antall plasser. Arr. Bjerkreim kulturkontor.

## FILOSOFIKAFFE

Sted: Dagsturhytta Kaurebu

Tid: Tirsdag 16. juni kl. 18.00

Filosof Ingunaya Amundsen og fortellerkunstner Marianne Stenerud inviterer til filosofisk salong, der klassiske filosofiske problemstillinger aktualiseres i møte med myter, eventyr og fortellinger på en levende og autentisk måte. Sammen med publikum vil de utforske temaet **VISDOM**.

En helt ny formidlingsform for oss i Bjerkreim! Møt opp på Kaurebu for en spennende opplevelse i vakker natur. Filosofikafeen har selvsagt også tilbud om kaffe. Gratis adgang, passer for alle.

## FRILUFTSKVELD

Onsdag 3. juni kl.17.30  
Tur med M/K Ørsdølen  
Påmelding! (Sjå nettsida til Friluftsrådet)  
Arr: Dalane Friluftsråd og Ørsdølen båtforening

## LEIGE AV BJERKREIM BEDEHUS TIL KONFIRMASJON 2027

Bedehuset kan leigast til konf. selskap. Det kan vera 2 selskap same dag - eit i hovudetg. og eit i kjellaretg. Skriv kor de ønskjer å vera. Send e-post til: bjerkreimbedehus@gmail.com eller tlf. 40602711 innan 20. juni 2026. Dersom fleire ønskjer same dag, vert det loddtrekning.

## VEDLIKEHALDSTREFF PÅ MISJONSHUSET

Har du noko du kan bidra med, eller har du lyst til å læra meir om drifta på Misjonshuset? Me samlast til sosialt samvær med ein kaffikopp, drøys og litt praktisk arbeid. Bli med på det som passar. Velkommen kl. 19.00-20.00 den fyrste onsdagen i månaden. Sjå oversikt i Bjerkreimsnytt.

## HAGEVANDRING HJÅ MARIANNE LIEN

Bjerkreim hagelag tek turen til Gloppedalsvegen 981.  
Tid: tysdag 2. juni kl. 18.00  
Enkel servering.  
Alle velkomne!  
Bjerkreim hagelag låner ut hagetrommel.  
Den står hjå Laila Røssland, tlf. 41529508.

## BINGO

I peisestova på Vikeså Misjonshus.  
Onsdag 10. juni og onsdag 12. august  
kl. 14.00 til ca. 16.00.  
ALLE VELKOMNE!  
Arr. Bjerkreim helselag.

## BJERKREIM BRUKSKUNST

SOMMERUTSTILLING I KULTURBANKEN 27. juni – 26. juli. Sommerutstilling åpner lørdag 27. juni kl. 12.00  
Åpent kvar dag kl. 12.00-17.00  
Årets gjesteutstillere er:  
Torill Serigstad Opstad: Sauer  
Torodd Gilje: Tredreier  
Rigmor Lie Thorsen: Tekstilarbeid og redesign  
Brukskunst og loppekrok.  
Ta turen innom!

## ONSDAGKLUBBEN 3G

Godt humør - godt kledd – godt miljø!

Onsdag 10. juni går turen med buss til Dybing gard i Lund. Pris for bussen er kr. 200,-. Avreise frå Esso Vikeså kl.09.00 (merk tida!), vidare til COOP Prix på Bjerkreim. Ta med drikke og sitjeunderlag.

Onsdag 1. juli går turen til Lindal og Våland Museum på Nærbø. Me kører i privatbilar. Avreise frå Esso Vikeså kl. 10.00. Ta med drikke og sitjeunderlag.

Onsdag 5. august vert det tur, men målet er ikkje fastsett. Avreise frå Esso Vikeså kl. 10.00. Ta med niste og sitjeunderlag.  
Turane er opne for alle!

Arr: Fellesrådet for eldre og personar med funksjonsnedsettelse

## DUKAR

Bjerkreim helselag leier ut kvite dukar.  
Ta kontakt med Ingbjørge Vassbø tlf. 486 03 535

## BJERKREIM PENSJONISTFORENING

Møte på samfunnshuset torsdag 27. august kl. 14.00-17.00. Servering av gode smørbrød og kaker, kaffi og te. Sang og musikk. Gamle og nye medlemmer er hjertelig velkommen!

**BJERKREIM BYGDEKVINNELAG**  
Følg Bygdekvinnelagets Facebookside.

## TUR TIL «HEIDIS BÅLPLASS» PÅ GJEDREM!

Fottur tysdag 9. juni. Frammøte kl. 18.00 ved Holmen bru. Ta med grillmat, drikke og godt humør. Turen er på traktorveg. Om nødvendig kan ein køyra opp bakken.

NB: Dyr på beite!

## BESTEFORELDRE-ROLLA I DAG!

Helsestasjonen, Folkehelse, Barnevern, Helselaget og Bygdekvinnelaget har gått saman og førebur ein kveld med besteforeldre-rolla i sentrum: «Korleis vera eit godt nettverk, når og på kva måte?» God og anerkjent foredragshaldar. Kommunale avdelingar informerer om det dei tilbyr. Møtet vert i haustsemesteret. Meir info i neste Bjerkreimsnytt.

## VIKESÅ MISJONSHUS

03.06. kl. 19.00 Vedlikeholdstreff  
03.06. kl. 20.00 Bønnemøte  
10.06. kl. 20.00 Samtalemøte  
12.08. kl. 20.00 Samtalemøte  
17.08. kl 19.00 YngRes  
Knerten: Kvar tysdag kl. 09.30 (fyljer skuleruta)

## DALANE DEMENSFORENING 20-ÅRS JUBILEUM

Du er invitert til å feire den 1. juni kl. 18.00 på Lagård bo- og servicesenter, Egersund.  
Foredrag om *pårørenderollen* ved Kristin Aas Nordin.  
Oddrun Lindås, Grethe Inger Vikeså Hegrestad og Gerda Gravdal forteller om oppstarten og driften til Dalane demensforening. Det blir kake og kaffe. Alle er hjertelig velkomne!  
Arr: Nasjonalforeningen for folkehelsen Dalane demensforening

## INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 11. juni kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe og te. Hvis noen vil, kan de ta med et fat med noe å spise.

Velkommen alle kvinner!

## BJERKREIM BEDEHUS

### Juni

Tysdagar kl. 19.00 Bønnemøter

Onsdagar kl. 09.30 Minsten

14. kl. 11.00 Endelig søndag.

Tale av Arnt Magne Granberg.

Familiemøte med grilling etterpå. Ta med grillmat.

23. kl. 19.00 Jonsok

Etter 23. Pause i faste arrangement

### August

Tysdagar frå 11.aug. kl. 19.00 Bønnemøter

16. kl. 11.00 Endelig søndag

22. kl. 18.00 Samlingsfest

26. kl. 09.30 Minsten

28. kl. 16.00-20.00 Åpen dag - NLM

## VELKOMMEN TIL LÅVEFEST

Sted: Gjedrem 50.

Tid: Lørdag 13. juni kl. 19.00.

Innsamling til «Window of Hope» i Kenya.

Siste nytt om prosjektet.

Pizza.

## HUSMØTE

Alle er velkomne til husmøte

lørdag 6. juni kl. 19.00 i

Odlandsvegen 121 hos Lars

Søyland. Tom Børge Frøvik leder

lovsangen og Asbjørn Handeland

underviser frå Guds ord.

Ta gjerne med litt mat.

## TELMØTER PÅ VEEN

4.-19. juli på Veen Gardscamping

Barnemøter kl 11.00 t.o.m 12. juli

Kveldmøter hver kveld kl 19.30

med lovsang, tale, vitnesbyrd og forbønn.

## ØRSDØLEN

Ørstdølen går søndagsturer søndag 5. juli til og med 30. august!

Kjøp billetter her: [www.orsdolen.no](http://www.orsdolen.no)

Avgang fra Odlandstø kl. 11.00, tilbake ca. kl. 15.30

Priser: 300,- voksne og 50,- barn 3-16 år

Grillmat og lapper selges i Lauperak.

Båten kan bookes til private turer, kontakt tlf. 477 51 043 for mer opplysninger.



## TUR I GRAVDAL

Tid: Torsdag 4. juni

Stad: Gravdal, oppmøte kl. 18.00

Rolf Gravdal tek oss med på ein om lag 2 km lang gåtur og fortel om Gravdal og folka som har budd der i gamal tid.

Arr: Bjerkreim historielag

## INVITERER TIL INNSPELSMØTE

Dalane er godt representert i fylkestinget, og ynskjer å leggja til rette for god og tett dialog med blant anna innbyggjarar, lag/foreningar, næringsliv og lokale folkevalde. Me inviterer difor til eit innspelsmøte 27. august kl.14-17 på Dalane vidaregåande skule. Me ynskjer innspel på korleis møta med Dalanebenken kan bli best mogleg, men spesielt på aktuelle saker de er opptatt av. Påmelding til Bente Gro M. Slettebø tlf. 41213619/ bente.gro.milwertz.slettebo@rogfk.no Frist.14.08.26

## BJERKREIMSQUIZEN

Me tek pause i juni og juli, men startar opp att onsdag 19. august kl. 19.30 i kommunestyresalen. Quizmaster: Annette Olden Nedrebø. Startkontingent kr. 50,- kontant. Servering av kjeks, kaffi og te frå Kenya. Me har plass til fleire: VELKOMEN til nye og gamle quizarar!

## INNVIELSE AV NYTT PIANO

Etter en gave fra Sparebankstiftelsen SR - Bank, og med noe egne midler, har Bjerkreim kommune nå fått kjøpt et helt nytt piano til Bjerkreim helsesenter. Bjerkreim kommune inviterer derfor til innvielseskonsert på helsesenteret mandag 22.06 kl 10.00. Konserten er åpen for alle, det blir musikk med sang, piano og fiolin, og enkel servering. Gratis adgang. Velkommen!

## FRISKUS AKTIVITETSKALENDER

Vil du ha oversikt over aktiviteter, fritidstilbud og frivillige oppdrag i Bjerkreim kommune? Gå inn på [bjerkreim.friskus.com](http://bjerkreim.friskus.com), her finner du arrangementer, aktiviteter og muligheter for å bidra som frivillig. Driver du et lag eller ønsker å arrangere noe selv? På [friskus.com](http://friskus.com) kan du enkelt registrere deg og legge ut aktiviteter eller frivillige oppdrag. Har du spørsmål eller trenger hjelp til å komme i gang? Ta kontakt med [annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no](mailto:annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no)



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

### Sundag 7. juni

Ikkje gudsteneste i soknet

### Sundag 14. juni kl 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

### Sundag 21. juni kl 11.00

Vigslingsgudsteneste i Stavanger Domkyrkje. Kjekt om mange blir med når Verena Fuglestad skal vigslast til prest! Kyrkjekaffi etterpå. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du treng skyss, så bistår vi med det.

### Sundag 28. juni kl 11.00

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Sundag 5. juli kl 11.00

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Sundag 12. og 19. juli

Ikkje gudsteneste i soknet

### Sundag 26. juli kl 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

### Sundag 2. august

Ikkje gudsteneste i soknet

### Sundag 9. august kl 11.00

Friluftsgudsteneste i Ørdsalen

### Sundag 16. august kl 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

### Sundag 23. august kl 11.00

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Sundag 30. august kl 11.00

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Utdeling av 4 og 6 årsbøker.

## DØYPTE:

26.04.26 Sigurd Høyland Sjøthun  
10.05.26 Paul Magnus Sveta  
10.05.26 Markus Vikesdal Dybvad

## FEST FOR 50-ÅRSKONFIRMANTAR

Alle som blei konfirmert i Bjerkreim i 1976 er velkomne til gudsteneste og middag søndag 13. september. Brev blir sendt ut tidleg i juni. Ta kontakt om du manglar invitasjon. Påmeldingsfrist 1. september.

## INFORMASJONSMØTE FOR KONFIRMANTAR 2027 MED FØRESETTE:

Onsdag 10. juni kl 18.00 på Vikeså misjonshus. Det er sendt ut invitasjon etter kyrkja sitt medlemsregister (fødde 2012). Har du ikkje mottatt invitasjon er du likevel velkomen. Elektronisk påmeldingsskjema til konfirmasjonsåret ligg på nettsida vår.

## FRILUFTSGUDSTENESTE I ØRSDALEN

Sundag 9. august kl 11.00 er alle velkomne til friluftsgudsteneste ved Ørdsalen grendahus. Ta med stol og gjerne niste. Ved fint vær er me ute, og ved stygt vær går me inn. Det vil vera tilgang til toalett.

## LEDIG STILLING SOM MENIGHETSARBEIDAR!

Det er ledig 80 prosent stilling som menighetsarbeidar i Bjerkreim sokn frå august! Sjå utlysing på nettsida vår. Ta gjerne kontakt om du er interessert i ein spennande og kjekk jobb i eit godt arbeidsmiljø.

## TREFFPUNKT FOR DE SOM SYNES DET ER KJEDELIG

Velkommen til kyrkjekontoret onsdager 24.6, 1.7, 5.8 og 12.8 Kl. 12-13 så kan vi ha det kjedelig sammen =)

## VIGDE:

09.05.26 Madeleine Hille  
Mellemstrand og  
Bjørn Sæternes Stapnes

## FERIETIDA - STENGT KONTOR

Enkelte dagar i sommar vil det vere stengt på kyrkjekontoret pga ferieavvikling. Kjem du til låst dør - sjå oppslag med telefonnummer.

E-post til [post@bjerkreimkyrkja.no](mailto:post@bjerkreimkyrkja.no) vil bli lese heile sommaren, om enn sporadisk. Kontortid i ferietida:

tysdag og torsdag kl 09-14.

## GLOBAL KAFÉ

Det blir ikkje Global kafé i juni-august. Oppstart 2. september.

## BØNEDAG 13. JUNI: HEILE NORGE BER!

Bjerkreim har ansvar for å be heile døgnet 13. juni i ein nasjonal bønestafett. Vil du ta ansvar for t.d. ein halvtime? Meld deg på til Ronny Myksvoll og bli med.

Du kan ha eigne bønneemne eller bruke dei lappane som ligg klare med forslag til kva vi kan be for. Eller vere stille i bøn.

Kyrkja blir åpen heile døgnet om du bare vil stikke innom. Send gjerne inn bønneemne på førehand viss du har noko du ynskjer vi skal be for, så tek vi det med. Viss du har noko privat du vil vi skal be for så legg vi det i bønnekrukka. Meir info på [bjerkreimkyrkja.no](http://bjerkreimkyrkja.no)

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Diakonen er tilgjengeleg for samtale, helst i arbeidstida 8-15.30 tysdag - fredag. Ferie i veke 28-31. Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon.

## DØDE:

29.04.26 Bente Serigstad Goa  
15.05.26 Sonja Slettebø  
16.05.26 Marit Johanne Bjorland  
17.05.26 Dagfinn Polden

## SKADEFELLING AV REV

I henhold til viltforskriften som omhandler skadefelling av bla rev, gis det **ikke** tillatelse til å ta ut revevalper i hi for å beskytte lam og annet buskap. I forskriften kapittel 3, §3-4 første ledd står: «*Dersom vilkårene i § 3-3 er oppfylt og det er nødvendig for å stanse eller avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom, kan den skadelidte iverksette uttak av bestemte individ av kanadagås, stripegås, bydue, ringdue, gråtrost, måltrost, svarttrost, rødvingetrost, skjære, kråke, ravn, villlevende kanin, sørhare, rødrev, røyskatt, mink, mår og grevling. Videre i siste ledd: «... Den skadelidte skal uten ugrunnet opphold rapportere om uttaket til kommunen, med opplysning om antallet individer, art og hvilken skade som var grunnlag for uttaket.»*

De vilkårene som det henvises til i §3-3 for skadefelling, er som følger: «*Den som har beslutningsmyndighet etter § 3-4 til § 3-6 kan etter søknad gi tillatelse til uttak for å stanse eller avverge skade hvis følgende vilkår er oppfylt:*

- Skaden er eller kan bli av vesentlig økonomisk betydning.*
- Skadeforebyggende tiltak er i rimelig utstrekning forsøkt, vurdert ut fra hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved alternative tiltak.*
- Uttaket rettes mot skadegjørende individ.*
- Uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadesituasjonen.*
- Uttaket ikke truer bestandens overlevelse.*

*Dersom mordyr avlives i yngletiden, skal avkommet om mulig også avlives.»*

Oppsummert sier dette at det ikke er nødvendig å søke for å drive skadefelling av rev, så lenge vilkårene er oppfylt. Felles det ei tise under skadefelling skal avkommet avlives om mulig. Det er heller ikke lov å bruke hund, da det er båndtvang, heller ikke jakt på rev med vanlige metoder. Da det er krav om at uttaket skal rettes mot skadegjørende individ, så begrenser det også avstand til egen buskap hvor du kan gjennomføre skadefellingen. Enhver rev er ikke skadegjørende individ.



## HILSEN FRA NY SKOGBRUKSSJEF

Hei! Jeg heter Jørgen, er 27 år og kommer fra Hamar. Jeg er østlending tvers gjennom, selv om morssiden av familien kommer fra Tromsø og Hammerfest. Jeg har nylig levert masteroppgaven min ved NMBU på Ås, og i juli begynner jeg som skogbrukssjef i Dalane.

For meg blir dette både en spennende jobbstart, og et møte med en litt annen type skog enn den jeg tidligere er kjent med. Jeg er oppvokst i innlandet, der tette skogbelter finnes nesten overalt, og terrenget byr på få utfordringer. Det blir derfor en fin kontrast til den spennende kystskogen man finner i Rogaland.

Om noen uker kommer jeg og kjæresten min, Marthe Nancy Refsahl, flyttende nedover. Vi er veldig spente, og gleder oss til å bli bedre kjent med Dalane-regionen. Så langt har vi fått et svært godt inntrykk av plassen, og vi setter stor pris på hvor imøtekommende og rause folk har vært med oss. Vi ser frem til å bygge et liv i okka by.

Jeg er takknemlig for tilliten Eigersund kommune viser meg ved å gi meg denne muligheten, rykende fersk fra skolebenken. Det er ingen tvil om at jobben kommer til å by på både ansvar, læring og utfordringer, men det er nettopp det som gjør den spennende. Jeg gleder meg til å komme i gang, samt å opprettholde vertskommune-samarbeidet mellom Eigersund, Bjerkreim, Sokndal og Lund innen skogbruket.

Hilsen Jørgen Pedersen

## Informasjon



tlf: 41 43 73 92

## ARKIDAL

v/ Arne Dirdal



**Teknisk tegner - byggesøknad,  
tilbygg, påbygg og fasadeendring**  
*ingen oppdrag er for små!*

Nesjane 3, 4389 Vikeså  
www.arkidal.no - post@arkidal.no

## ADVOKAT 1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775/ 4000 3150  
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO



## Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

## VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222  
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

## RENSELØSNINGER TIL HUS OG HYTTER



LITT OM VÅRE ANLEGG:

- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:

- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

## Sandnes Maskin

Tlf: 954 09 360 - post@sandnesmaskin.no



## BJERKREIM BIL & KAROSSERI AS

**Forsikrings skader • Private skader**

Karosseri • Lakkering  
Ruteskift • Restaurering  
PDR (Retting av småbulker uten lakkering)

Tlf: 901 91 987  
post@bjerkreimbillogkarosseri.no